



Styringsdokument 2014

Helse Vest IKT AS

<i>1 Innleiing</i>	3
<i>2 Helse 2020</i>	3
<i>3 Ressursgrunnlag og resultatkrav</i>	3
3.1 Finansieringsmodell	3
3.2 Balansekrav.....	4
<i>4 Styringsbodskap knytt til ansvarsområde for Helse Vest IKT AS</i>	4
4.1 Leveransar.....	4
4.2 E-helse.....	5
4.3 Regional samhandling.....	5
4.4 Kvalitet og utvikling.....	5
4.5 Informasjonssikkerheit	6
4.6 Innovasjon.....	6
4.7 Tiltak på personalområdet.....	6
4.8 Informasjonsteknologi og digitale tenester (E-helse).....	7
4.9 Anna organisasjonsutvikling	Feil! Bokmerke er ikke definert.
<i>5 Rapportering</i>	7
<i>6 Vedlegg</i>	8

1 Innleiing

Gjennom styringsdokumentet vil Helse Vest RHF gi ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2014. Styringsdokumentet skal klargjere dei premissar og rammer som gjeld for verksemda og inneheld mål og resultatkrava som blir stilte til helseføretaka.

I arbeidet med styringsdokumentet for 2014 er det lagt vekt på å redusere tal mål og rapporteringskrav, samanlikna med tidlegare år. Det er likevel ikkje slik at dei samla krav til Helse Vest IKT AS går fram av styringsdokumentet. Dokumentet utfyller og konkretiserer oppgåver som skal vektleggast og prioriterast. Desse oppgåvene må ein sjå i samanheng med dei mål, rammer og retningslinjer for helsetenesta som går fram av lov og forskrifter, Helse- og omsorgsdepartementet sitt oppdragsdokument for 2014 til Helse Vest RHF og styringskrav frå eigar formidla i føretaksmøtet i Helse Vest RHF. Det blir lagt til grunn at Helse Vest IKT er godt kjende med og set seg inn i desse dokumenta, samt i helse- og omsorgsministeren sin tale til sjukehusa den 7. januar 2014.

Helse Vest IKT AS er eit heileigd dotterselskap av Helse Vest RHF, og skal levere produkt og tenester til helseføretaka på IKT-området. Styringsdokumentet til Helse Vest IKT AS søker å balansere det forhold at Helse Vest IKT AS har eit særskilt og avgrensa ansvar, samtidig som selskapet er ein del av føretaksgruppa i Helse Vest.

Helse Vest IKT AS leverer tenester og system som er kritiske for verksemda til helseføretaka, og har derfor ei særskilt oppgåve i å understøtte helseføretaka ved leveransane sine. Ein viser elles til vedtektene og forretningsplanen for selskapet.

2 Helse 2020

Helse2020 blei etablert som overordna verksemdstrategi i 2007 og revidert i 2011. Konkrete tiltaksområde er no definert for perioden 2011-2015. Strategien legg føringar for utvikling av pasienttilbodet innanfor spesialisthelsetenesta i regionen, og visjonen, verdigrunnlaget og dei overordna målsetjingane er felles for heile helseføretaksgruppa.

I løpet av andre halvår 2014 vil vi starte førebuingane for neste planperiode. Vi vil då sjå vidare enn til 2020, og ein vil ta opp i seg nye nasjonale føringar for spesialisthelsetenesta. Vi vil legge til grunn ein felles innsats i føretaksgruppa for å lage ein ny omforent verksemdstrategi, slik det også er gjort i dei førre rundane. Dette arbeidet vil ein prøve å samkjøre med arbeidet med «Nasjonal helse- og sjukehusplan».

3 Ressursgrunnlag og resultatkrav

3.1 Finansieringsmodell

Finansieringa av selskapet er basert på ein prismodell med samanheng mellom aktivitet og kostnader.

Helse Vest IKT AS skal:

- i løpet av 2014 vidareføre/kvalitetssikre arbeidet med ein prismodell som gir betre samanheng mellom aktivitet og kostnader i helseføretaka

3.2 Balansekrav

Helse Vest IKT AS skal:

- sørge for kostnadsrett prising av tenestene inkluderer rett fordeling mellom dei ulike tenestegruppene
- gjennom god verksemdstyring bidra til samordningsgevinstar i føretaksgruppa

Helse Vest IKT AS sitt resultatkrav for 2014 er fastsett til eit resultat på kr 1 mill.

4 Styringsbodskap knytt til ansvarsområde for Helse Vest IKT AS

Helse Vest IKT AS skal sørge for trygg og god forvaltning og drift av den samla systemporteføljen i føretaksgruppa. Helse Vest RHF har også etablert Helse Vest IKT som ein strategisk partner i føretaksgruppa for utvikling og innføring av nye IKT-løysingar. Helse Vest IKT skal vere ein bidragsytar for ytterlegare samordning av IKT i føretaksgruppa.

Leveransane frå Helse Vest IKT skal gi oppleving av auka kvalitet, auka effektivitet, auka kompetanse og betra sikkerheit.

Det er eit aukande fokus på heilskap og samanheng i prosessar både ut frå pasientforløp og ut frå eigne interne arbeidsprosessar. Helse Vest IKT skal bidra til at system- og prosesstøtte heng godt saman som eit heile. Dette inkluderer både eigne ITIL¹-prosessar, portefølje-prosessane inkludert prosjekt, program, gevinst- og endringsleiing samt verksemdarkitektur, test og kvalitet.

4.1 Leveransar

Helse Vest IKT AS skal:

- bidra til betre pasientbehandling gjennom betre samordning av løysingar slik at nødvendig informasjon om pasienten følgjer med gjennom heile pasientforløpet
- sørge for heilskapleg og effektiv brukarstøtte, service og leveranse til kundane. Den felles tenesteavtala skal vidareutviklast i samarbeid med helseføretaka/kundane gjennom den erfaringa ein vinn ved avtalt levering, oppfølging og rapportering
- sørge for stabil og kostnadseffektiv drift, forvaltning og utvikling av IKT-systema
- bidra til god understøtting og vidareutvikling av Helse Vest sine felles porteføljeprosessar
- bidra med kompetanse og ressursar til gjennomføring av prosjektporteføljen innan alle fagfelt, spesielt til program- og prosjektleiing og til innføring og endringsleiing av IKT-støtta arbeidsprosessar
- styrke kompetanse og tilgjengelege ressursar innan kritiske område som verksemdarkitektur, endringsleiing og gevinstrealisering både for eigen bruk samt til å bidra i regionalt og nasjonalt prioriterte tiltak
- styrke arbeidet med styring og struktur av den samla informasjonen som blir etablert og forvalta i føretaksgruppa
- bidra til god understøtting av Helse Vest sin felles teknologiplan
- bidra til å ivareta informasjonssikkerheita i heile føretaksgruppa både i høve til tekniske løysingar og handsaming av personvern og pasientsikkerheit
- bidra til å sikre gevinstar av den konsoliderte felles EPJ-løysinga

¹ ITIL, Information Technology Infrastructure Library, beskriv dei ulike områda for arbeidsprosessar hos ein IT-leverandør.

- sørge for tilstrekkeleg ressursar, kompetanse og kostnadseffektive prosessar i Integrasjonssenteret for å gjennomføre prioriterte utviklingstiltak og forvaltning

4.2 E-helse

Helse Vest IKT skal arbeide for ei framtidretta utvikling av e-helseområdet ved å medverke til effektiv samhandling, betre ressursbruk, betre pasientsikring og kvalitetsheving i alle deler av behandlingsskjeda. Dette er viktig for å nå måla om heilskaplege helse- og omsorgstenester og ei sterkare pasient- og brukarrolle.

Helse Vest IKT AS skal bidra til at:

- IKT-utviklinga er i tråd med måla i Meld. St. 9 (2012-2013) *Én innbygger – én journal*
- helsepersonell skal ha enkel og sikker tilgang til pasient- og brukaropplysningar
- innbyggjarane skal ha tilgang på enkle og sikre digitale tenester
- data skal være tilgjengelege for kvalitetsforbetring, helseovervaking, styring og forskning
- IKT-tiltak som har konsekvensar for andre aktørar blir lagt fram til prioritering i *Nasjonalt utvalg for IT-prioritering i helse- og omsorgssektoren (NUIT)*
- elektroniske tilvisingar og basismeldingar mellom sjukehus, fastlegar og pleie- og omsorgssektoren i kommunane og automatisk oppdatering av adresseregisteret og elektroniske fødselsmeldingar til Folkeregisteret blir tatt i bruk
- innføring av elektroniske reseptar blir førebudd.

4.3 Regional samhandling

Den samla prosjektporteføljen skal gi leveransar til støtte for helseføretaka og gjere oss samla betre i stand til å ivareta oppgåvene meir effektivt og med auka kvalitet. Der vi etablerer regionale systemløyisingar er det og viktig at vi etablerer tilsvarande regionalt systemeigar- og tenesteansvar for å sikre ei effektiv drift og forvaltning. Det regionale system- og tenesteansvaret vil avhenge av gode regionale nettverk der også det lokale ansvaret er plassert og gir sitt bidrag til fellesskapet.

Helse Vest IKT skal bidra til vidareutvikling av styringsstrukturen. Vi vil stadig forbetre prosessane også rundt den formelle porteføljestyringa. Styringsstrukturen skal sikre involvering både i prioritering og gjennomføring av prosjektporteføljen.

Det skal setjast av og prioriterast nødvendige ressursar og kompetanse for å sikre at program og prosjekt når sine mål i tråd med dei rammene som blir vedtekne for investering og gjennomføring.

4.4 Kvalitet og utvikling

Det er ein føresetnad at det blir arbeidd kontinuerleg med kunnskapsutvikling og kvalitet, og at nasjonale og regionale tiltak som understøttar dette blir følgt opp.

Helse Vest IKT AS skal ha fokus på å:

- ha metodar, basert på felles regionale prosessar, for å teste og overvake eventuelle svikt i kritiske systemleveransar slik at tiltak vert sette i verk raskt
- halde kvalitetssikra rutinar, prosedyrar og verktøy for tilstrekkeleg testing av nye/endra system før dei vert sett i ordinær produksjon i føretaka

- bidra til å vidareutvikle metodeverket for prosjekt og programgjennomføring for å sikre at prosjekt og program blir gjennomført og overlevert med tilstrekkeleg kvalitet innan avtalte rammer
- utvikle og etablere kvalitetsindikatorar i samarbeid med Helse Vest RHF. For drifta er dette dekkja i SLA, men det må utviklast indikatorar for utviklingsida, som prosjektleiing, prosjektgjennomføring, integrasjonsleveransar o.a.

4.5 Informasjonssikkerheit

Gjennomarbeidde risikovurderingar skal leggest til grunn for å oppretthalde nødvendig sikkerheit i IKT-løysingane og tilgangen til desse.

Helse Vest IKT AS må i 2014 arbeide med følgjande:

- sørge for at helseføretaka si sårbarheit ved bruk av IKT-løysingane ikkje overstig akseptabelt risikonivå
- sørge for at personvernet blir ivareteke i samsvar med teieplikta
- bidra til gode regionale prosessar og aktivitetar i sikkerheitsarbeidet
- bidra til nødvendig sikkerheitsvurdering ved innføring av endringar eller nye systemløysingar
- bidra til sikkerheitsvurderingar i forhold til gjennomføringa av den samla prosjektporteføljen
- halde seg oppdatert om det generelle trusselbilde, inkludert førebygging og vern mot virusangrep

4.6 Innovasjon

Helse Vest IKT AS skal bidra proaktivt i den felles innovasjonssatsinga i føretaksgruppa, inkludert vidareutvikling av innovasjonsprosessen og grenseflata mot tilstøytande prosessar.

Helse Vest IKT AS skal bidra til dei langsiktige måla:

- auka innovasjonseffekt av anskaffingar
- auka brukarmedverknad i innovasjon

4.7 Tiltak på personalområdet

Styret skal sjå til at det i verksemda er høg merksemd kring helse, miljø og sikkerheit. Tenking om risiko og forbetring skal vere ein integret del av den daglege drift. Det må også etablerast leiarprogram for å sikre god kompetanse, utvikling og rekruttering av leiarar.

Helse Vest IKT skal

- ha etablert HMS rapportering som del av den løpande verksemdrapporteringa til styret.
- nytte tilgjengeleg teknologi som støttar opp om strategisk kompetansestyring, og etablere gode kompetanseplanar.

4.8 Informasjonsteknologi og digitale tenester (E-helse)

Dei regionale helseføretaka skal bidra til at IKT-utviklinga er i tråd med måla i Meld. St. 9 (2012-2013) *Én innbygger – én journal*. Regjeringa sine overordna mål for IKT-utviklinga i helse- og omsorgstenesta er at:

- helsepersonell skal ha enkel og sikker tilgang til pasient- og brukaropplysningar
- innbyggjarane skal ha tilgang på enkle og sikre digitale tenester
- data skal være tilgjengelege for kvalitetsforbetring, helseovervaking, styring og forskning

Helse Vest RHF skal bidra i arbeidet mot visjonen om éin innbyggjar - éin journal. Samtidig skal det leggjast vekt på å fullføre tiltak som er sette i gang.

Dei regionale helseføretaka:

- legg fram IKT-tiltak som har konsekvensar for andre aktørar til prioritering i Nasjonalt utvalg for IT-prioritering i helse- og omsorgssektoren (NUIT)
- tar i bruk elektroniske tilvisingar og basismeldingar mellom sjukehus, fastlegar og pleie- og omsorgssektoren i kommunane og automatisk oppdatering av adresseregisteret og elektroniske fødselsmeldingar til Folkeregisteret
- førebur for innføring av elektroniske reseptar.

Helse Vest IKT AS skal bidra i dette arbeidet saman med Helse Vest RHF, sjukehusføretaka, Sjukehusapoteka Vest og i samarbeid med Helsedirektoratet og dei andre regionale helseføretaka.

5 Rapportering

Metode og struktur for styrerapportering

Det er gjennom arbeidet med heilskapleg styringsinformasjon lagt opp til gjennomgåande rapportering internt, til styra og til styresmaktene.

Helse Vest IKT AS skal i 2014 leggje til grunn gjeldande mal for styrerapportering, jf. Sak 20/13 B *Mindre revidering av rapporteringa frå verksemda*.

Dersom Helse Vest IKT AS ønskjer endringar på dette, må det avklarast med Helse Vest RHF.

Månadleg rapportering

Økonomirapportering og annan avtalt rapportering av styringsinformasjon som skjer månadleg skal i 2014 rapporterast etter tidsfristar som vil bli formidla i eige brev. Det er utarbeidd ein eigen mal for rapportering til Helse Vest, jf vedlegget.

Årleg melding

I medhald av § 34 helseføretakslova skal Helse Vest RHF sende ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet innan 15. mars 2015.

Helse Vest IKT AS skal sende ei tilsvarande årleg melding til Helse Vest RHF. Fristen for årlig melding er 15. januar 2015. Denne meldinga skal inngå som underlag for Helse Vest RHF si melding til departementet. Det skal rapporterast på alle krav i styringsdokumentet. Det vil i løpet av 2014 bli sendt ut mal for årleg melding som Helse Vest IKT skal halde seg til.

Årsrekneskap

Heleføretaksgruppa skal avleggje rekneskap i medhald av rekneskapslova. Det er sett egne fristar for gjennomføring av årsoppgjeret.

6 Vedlegg

Mal for rapportering frå verksemda.